Årsmelding

- melding om lokallagsverksemda

Bremanger lokallag

2021

1.1 Årsmøtet 2021

Årsmøte vart avvikla digitalt på Teams 29.april kl 1800 -20.30 med 37 stykker pålogga. Det var 34 stykker med stemmerett som tilhøyer Bremanger lokallag. 3 stykker var frå Fylkeskontoret. Det var Mildrid Kronborg Økland som møteleiar, Frank Hansen som gjest og Tor Inge Brenne som observatør. Alle vart iviterte på middag på Knutholmen 10.juni. Her møtte 27 stykker.

1.2 Medlemsstatistikk

Tal medlemmer	Pr. 31.12.21	Endring frå 1.1.21
I lokallaget	145	146
Medlemsgruppe, barnehage	24	-1
Medlemsgruppe, grunnskule	64	
Medlemsgruppe, vidaregåande opplæring		
Medlemsgruppe, FAS	4	
Medlemsgruppe, UH		
Av desse leiarmedlemmer	16	
Av desse medlemmer i private barnehagar/skular		
Medlemmer utan medlemsgruppe	1	
	52	

1.3 Tillitsvalde i lokallaget

Styret **til 01.08.22**

Namn	Verv	Evtuell frigjering betalt av	
		Organisasjonen	Arbeidsgjevar
Aud Marit S.Sortevik	Leiar/ skrivar og pensjonistkontakt	26%	
Hege Iren Svarstad	Nestleiar Medlemsgruppe grunnskule		
Anita Nybø	Medlemsgruppe grunnskule		
Annette Synnøve Svarstad	Medlemsgruppe barnehage		
Vilde Kjelkenes	Medlem		

Vararepresentantar:		
1.Torill Susanne Brekke	Barnehage	2020-2022
2. Dag Magne Nigardsøy	leiar	2019-2023
3. Siri Kolseth	Grunnskule	2021-2023

Hovudtillitsvalde

Namn	Verv	Eventuell frigjering betalt av	
		Organisasjonen	Arbeidsgjevar
Aud Marit S.Sortevik	HTV		30% 50% frå 01.04.21
Bjarte Myklebust	Vara Htv		

Tillitsvalde på arbeidsplassane

Namn på arbeidsplass	Namn på tillitsvald
Svelgen Oppvekst	Anita Nybø
Hauge oppvekst	Jill Magnhild Strand
Davik og Kolset oppvekst	Elisabeth Hatlenes til 31.12.21 Mirna Mandic Frå 01.01.22
Kalvåg Oppvekst	May Britt Degnepoll til 31.07.21 Cathrine Lindhagen frå 01.08.21
Ålfoten Oppvekst	Jannike Tellevik

2. Arbeidet i styret

A	Tal styremøte siste året:	7										
B	Tal utvida styremøte siste året:	1										
C	Laget har utval/råd for desse medlemsgruppene:											
	Barnehage	x	Grunnskule	x	Vidaregåande		FAS		UH		Leiarar	
D	Utvala sin møteaktivitet, tal møte:											

	Barnehage		Grunnskule		Vidaregåande		FAS		UH		Leiarar	
E	Vurdering av arbeidet i utvala/råda:											

2.1 Arbeid etter handlingsplanen/retningslinjene

Utdanningsforbundet Bremanger skal medverke til at lærarar og leiarar i heile utdanningsløpet har eit godt arbeidsmiljø, og arbeidsvilkår som gir rammer for god yrkesutøving og god kvalitet på opplæringa til barn, elevar og vaksne.

Lokallaget har hatt følgjande satsingsområde og tiltak	Evaluering av arbeidet med satsingsområda
Satsingsområde 1: Arbeide for gode løns- og arbeidsvilkår Tiltak: ➢ Følgje opp nasjonale styringsdokument, lov- og avtaleverk, og ansvarleggjere arbeidsgjevar i desse prosessane.	HTV: - Hovudtillitsvald har jamlege drøftingsmøte med kommunalsjef. - Deltek i drøftingsmøter med kommuneleiinga. - Samarbeid med andre fagforeiningar om felles saker.
	Lokallag: - medråderettsmøte på arbeidsplassane. - Arbeidsplasstillitsvalde deltek på kurs i regi fylkeslag og held seg oppdatert innafor lov- og avtaleverk. - Arbeidstillitsvalde har klubbmøter og sender saker til styret.
➢ Arbeide for gode lønsvilkår, samt ein løns- og personalpolitikk som tener våre medlemmar og som verkar rekrutterande ➢ Delta på arenaer og i prosessar som definerer og utviklar kvalitet.	- Vi har forhandla løn på vegne av yrkesaktive medlemmar. - Hovedtillitsvald er delvis med i budsjettarbeidet.Vi har uttalt oss til kommunen om budsjettforslaget. - Vi har i utval og drøftingar vore pådrivar for at kommunen har fokus på rekruttering, samt behalde tilsette. Hovedtillitsvald har hatt drøftingsmøte med kommunen i høve lønsspolitisk plan, og sikringsbestemming i høve løn. - Hovudtillitsvald deltek med talerett på felles drifssjefsmøter(alle sektorar),driftssjefmøter og fagleiarmøter(oppvekst) Dette er veldig positivt for ei felles profesjonsutvikling i barnehage og skule. - Deltaking i utval og møter der oppvekstsektoren er tema.
Satsingsområde 2: Arbeide for å styrke profesjonen til lærarar i skule og barnehage Tiltak: ➢ Vi skal vere ei tydeleg røyst for heile lærarprofesjonen	- Vi er ei tydeleg røyst for profesjonen i kommunale utval og møter. - Vi har fremma saker som skal drøftast med

	qarbeidsgjevar. - Vi har hatt fokus på å framsnakke yrket og at det vert positivt omtala i kommunale dokument og planar.
➢ Arbeide for tilbod om etter- og vidareutdanning for medlemmane	- Oppmoda kommunen om å legge til rette for lærarar som ynskjer å ta vidareutdanning. Sentrale og lokale stipend.
➢ Argumentere mot tiltak som vil forringe kvaliteten på arbeidet vi gjer for barn, elevar og vaksne.	-Lokallaget har sendt inn høyringsuttale til kommunen i høve til budsjett 2022. HTV har delteke på arbeidet med ny Temaplan for barn og unge.Det har vore eit stort og krevjande arbeid.
Satsingsområde 3: Arbeide for å skape større medlemsengasjement Tiltak: ➢ Syte for god kommunikasjon mellom medlemmar og lokallag, og vere eit talerøyr for våre medlemmar internt i Utdanningsforbundet.	Det er i hovudsak hovudtillitsvald og lokallagsleiar som har kontakt med arbeidsplassnivå og enkeltmedlemmar. Ein svarer så raskt på e-post eller telefon, og er tilgjengelege så langt det let seg gjere. Året 2022 var nok eit år der digitale løysingar måtte brukast.
➢ Ha gode prosessar i klubb og lokallag	Dei tillitsvalde er talerøyr for medlemmane internt i organisasjonen ved at tilbakemeldingar og ytringar frå medlemmar vert teke med vidare oppover i organisasjonen.
➢ Involvere tillitsvalde og medlemmar i faglege og politiske diskusjonar, og bidra til å skape møteplassar for ulike medlemsgrupper	Når det kjem til informasjonsflyt ut til medlemmane er den som følger: - Det vart sendt ut Påske og Julebrev frå lokallagsleiar, på vegne av lokallaget, med informasjon om aktivitet i lokallaget og organisasjonen til alle medlemmane. - Yrkesaktive medlemmar får tilsendt informasjon i hovudsak via arbeidsplasstillitsvald eller via lokallagsleiar og hovudtillitsvald. - Nye medlemmar får velkomstbrev med informasjon om lokallaget, kven som er tillitsvalde og kven dei skal ta kontakt med. Dei får også ein sekk med litt logogåver opp i. Anna: - Alle medlemmar fekk ei merksemd til jul. Arbeidsplassar får i tillegg ei lita merksemd i form av noko sjokolade eller lignande.

	Involvere tillitsvalde og medlemmar i faglege og politiske diskusjonar, og bidra til møteplassar: Klubbane er møtestaden for dei yrkesaktive medlemmane. Det er stor variasjon i antal frammøtte på desse. - Styret har hatt eit utvida styremøte der arbeidsplasstillitsvalde kunne delta og høve til å vere med i diskusjonar som føregår.Det møtte berre berre 1 av ulike årsaker. - Vi fekk ikkje gjennomføre medlemsmøter dette året heller. Styret planla medlemsmøte hausten, men så kom smitten på nytt og alt vart usikkert. - **Prosessar i lokallaget:** Dei arbeidsplasstillitsvalde vert teke med på råd i dei fleste saker. Høyringar vert sendt til klubbane, for så å bli behandla i styret. Styret har møter ca. kvar 6. veke.Referat vert sendt til styremedlemmer. Klubbar og medlemmar kan melde saker og få dei behandla i styret. Styret har ei messenger gruppe, det samme har Atv/ lokallagsleiar. Vi har nytta oss av digitale møter på Teams. **Pensjonistarbeid:** Vi har ikkje eit aktivt pensjonistlag i Bremanger, men styret er open for forslag og innspel dersom pensjonistane ønskjer seg meir aktivitet. Tilbod om turar og arrangement vert sendt ut til medlemmane våre på e-post. Det var gledeleg at at ein fekk til eit fysisk møte i november i Loen. Frå vårt lokallag møtte 3 medlemmar. Det var gode tilbakemeldingar om flinke førelesarar og stas om å kunne møtast og treffe «gamle»kjende/kollega.

Generell vurdering av arbeidet med handlingsplanen:

Covid-19 har prega arbeidet dette skule og barnehageåret og. Ved skule og barnehagestart gjekk skulane og barnehagane tilbake til nesten vanleg kvardag(grønt nivå i trafikklysmodellen).
Handlingsplanen som styret laga til årsmøte for 2021 var sak på det digitale Årsmøtet.
Styret meiner at ein har arbeidd etter dei retningsliner som årsmøte 2021 vedtok.
Når det gjeld høyringsuttalen angåande budsjett 2022, var det ikkje så krevjande som 2021. Det kom lite innspel frå einingane/råda/organisasjonane. Det vart gjort grep i budsjettåret 2021 om samanslåtte klassar grunna synkande elevtal, samt halde seg innan for budsjettposten. Då ein gjekk for dette vedtaket vart det protokollført at ein skulle evaluere ordninga. I vår høyring vart politikarane minna om denne evalueringa. Det var og kommentert at det ikkje var sett av pengar i budsjettet til innkjøp av nye læreverk.

I tillegg til arbeidet nemnd i punkt 2.1. har styret behandla saker i høve til:

- Konstituering, orienteringssaker og referatsaker.
- Drøfting SFS 2201-arbeidstid barnehage
- Tariff 2021
- Lokale forhandlingar(kap 4, 3 og 5)
- Saker frå klubbar
- Saker frå Fylkeslaget
- Rekneskap, innkjøp og økonomi i lokallaget
- Årsmøteplanleggingar.
- Årshjul for lokallagsleiar

2.2 Andre viktige saker lokallaget har arbeidd med

-Lokallaget sende merknad til budsjett 2022
-Korona har igjen prega arbeidet årsmøteperioden. Skule og barnehage gjekk over til grønt i høve trafikklysmodellen i rettleiaren 31.mai. Skulane og barnehagane starta nytt barnehageog skuleår på gront nivå. Vaksinering av tilsette , fylgde vanleg nasjonale føringar. Dei aller fleste hadde fått 1 vaksina før skule/barnehagestart. Hausten fekk alle frå 12 år og oppover tilbod om vaksine. Seinhausten opplevde vi ei ny smittebølgje. Det var ingen barnehagar/skular som måtte over til raudt nivå eller stenge.
Etter juleferien skulle alle elevar og tilsette i skule og barnehage teste seg før oppstart 3.januar. Ein gjekk over til gult nivå i høve trafikklys modellen.

3. Medråderett

A	Tal møte mellom HTV-K og arbeidsgjevar	Ca 1 ggr i mnd/ elles ved behov
B	Tal møte i administrasjonsutval eller andre nemnder som avgjer personalspørsmål og tilsetjingar	4

Saker som har vore drøfta med arbeidsgjevar:
- Arbeidsårets lengde
-Tilsetjingar
-Omplasseringar
-Covid 19
-Beredskapsplanar -korona
-Strategisk lønspolitikk
-Lønnsplasseringar
-Mentorplan
-Koronapengar

Fellesmøter:
25.mai-2021 på Samfunnshuset. Htv og 4 Atv deltok
Administrasjon og tillitvalde:
- Samling for alle ATV/Verneombod/HTV ved einingane.Samlinga vart arrangert i samarbeid med Fagforbundet og Hovedverneombod. Vi ynskjer å få til denne samlinga 2 gonger pr. år. Vi har sett at det er behov for eit auka samarbeid med andre fagorganisasjonar. Utdanningsforbundet arbeider mest saman med Fagforbundet då vi er representert i same råd/utval.

4. Anna Representasjon

Lokallaget har vore representert i følgjande utval	Namn på representant
Sentralstyremedlem	Simon Malkenes
Leiar i Medlemsgruppe Barnehage i Vestland	Anita Holm Cirotzki

5. Deltaking på kurs og møte arrangert av lokallag eller fylkeslag

Dato	Kurs / møte	Arrangør	Tal delt
07.01	Digitalt for LL og Rekneskapsansvarleg	FV	2
13.01	Digitalt kurs for leiarar i Valnemnda	FV	1
21.01	Digitalt kurs for HTV	FV	1
17-18.02	Digitalt LL, HT, FST	FV	1
01.02	SEK0621 Regionalt kurs III	Sek	1
18.02	Digitalt LLsamling	FV	1
01.03	Små steg for kloden - om barnehagens arbeid med klima og miljø	Sek	3
09.03	Ett år med pandemi - hva lærte vi?	Sek	2
11.03	Digitalt kurs LL	FV	1
07.04	Storkurs - grunnskule for tillitsvalde		5
14.04	Digitalt Zoom møte ATV/LL	FV	
21.04	Kurs for tillitsvalde i barnehage i nordfylket(gamle Sogn og Fjordane)	FV	5
21.04	LL / strategisk plan	FV	1
22.04	Kurs for LL	FV	1
29.04	Temakurs leiarar		1
29.04	Årsmøte lokallag	lokallaget	35
06.05	Digitalt HTV/ LL	FV	1
27.05	Digitalt /teams Unio er i streik	FV	1
07.06	Digitalt /teams, oppsummering streik	FV	1
17.06	Digitalt HTV/ LL	FV	1
26.08	Digitalt HTV/ LL	Fv	1
09.09	TV 1 - Førde	LL/Sunnfjord	1
15-16.09	HTV/ LL- Loen	FV	1
04-06.10	TV 2- Loen	FV	1
06-07.10	HTV/ LL- Loen	FV	1
02.11	Pensjonisttreff Loen	FV	3
10-11.	HTV/LL -Bergen	FV	1
16.12	Lokallagsleiarsamling	FV	1

Streik Unio

Medlemmer i Bremanger lokalllag vart ikkje fysisk teke ut i streik. Det var 198 medlemmer i Sunnfjord og 1648 medlemmer i Bergen som vart teke ut i streik. Streiken vart opptrappa onsdag 02.06, då var 22.874 Uniomedlemmer i streik. Streiken vart avslutta med tvungen lønssnemnd fredag 04.06 klokka 16.00.

6. Medlemsmøte i lokallag og medlemsgrupper

Det vart ikkje avvikla medlemsmøte i 2021. Styret hadde ein plan om eit stort felles medlemsmøte om hausten -21. Vi hadde eit ynskje om eit fysisk medlemsmøte. Men så auka smitten, og vi avlysten planen.

7. Lokale forhandlingar – gjennomføring og vurdering

Det vart gjennomført lokale forhandlingar i kap 4, 3 og 5 den 27.09.21. Resultat: Vi fekk ca 130 % pro rata. Noko som er eit godt resultat. I forhandlingar må vi alltid gje og ta.

8. Tiltak som fremjar likestilling

Vi har passa på at likestillingslova har blitt følgd ved utlysing og tilsetjing, og vore bevisste på at ulike tiltak slår likt ut for begge kjønn. Når det gjeld likestilling i styresamansetjing kunne det vore betre.

9. Samla vurdering av arbeidet i lokallagsstyret

Styret har teke tak i saker som har kome til oss, og meiner at vi etter beste evne har arbeidd etter dei retningslinene årsmøtet i 2021 trekte opp, og handlingsplan som styret la fram for årsmøte 2021.Styret handsama 70 saker i 2021. Lokallagsleiar har hatt hyppige møter med Fylkeslaget og dei andre lokallaga i Vestland. Møta har stort sett vore på Teams eller Zoom

Aktiviteten har vore høg i Utdanningsforbundet Vestland. Dette merkar vi i antal epostar som skal vidareformidlast og behandlast/svarast på.

Som HTV har 2021 vore eit år med høg møteaktivitet.Klubbarbeidet blir drive av erfarne Atv som har mange års erfaring etter kvart.

Det er gledeleg at medlemstalet til lokallaget held seg stabilt, nokre har flytta frå kommunen,nokre nye kjem til.

10. Vedlegg til årsmeldinga

Balanse og Resultatrapport for 2021

Årsmeldinga vart godkjend på Styremøte 06.04.22

Svelgen 06.04.22
Stad/dato

Aud Marit S. Sortevik
Leiar

Hege Iren Svarstad
Nestleiar

Anita Nybø. Annette Synnøve Svarstad. Vilde Kjelkenes

styremedlemmer